



COF Service AS  
Burkhovdane 7  
5914 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/1396 - 18/16210

Saksbehandlar:  
Ingrid Bjørge Pedersen  
Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:  
23.05.2018

## Løyve til reparasjon/rehabilitering av flytebrygge og kaianlegg - gbnr 102/1 Vabø

### Administrativt vedtak. Saknr: 243/18

**Tiltakshavar:** Karstein Vabø  
**Ansvarleg søkjar:** COF Service AS  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3.

### Tiltak

Saka gjeld søknad om:

- Utbetring av flytebrygge
- Utbetring av sjøfront
- Fjerning av massar

Det vert elles vist til søknad motteken 30.04.2018.

### Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF-område.

### Dispensasjon

Då tiltaket gjeld reparasjon og rehabilitering av eksisterande tiltak er det vurdert at tiltaka ikkje dispensasjon.

### Nabovarsel

Det er i denne saka gjeve fritak i frå nabovarsel. Det er administrasjonen si vurdering at tiltaket er mindre og i samsvar med eksisterande bruk.

### Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 30.04.2018.



Det er søkt om å erstatte eksisterande flytebrygge med ei ny med same dimensjonar. Vidare er arealet som skal utbetrast i sjøfront lokalisert. Det er ikkje sendt inn teikningar på dette arbeidet, men det er skildra i søknad.

Det søkjast også om fjerning av massar på kaien. Området er merka av på kartet, men det går ikkje fram av søknad kor mykje massar som skal fjernast.

### **Tilkomst, avkøyrsløse og parkering**

Det er ikkje søkt om endring av desse tilhøve.

### **Terrenghandsaming**

Løyyet opner ikkje opp for utfylling i sjø, slik at sikring av sjøfront skal kun skje på eksisterande mur. Når det gjeld fjerning av massar på kaien gjeld dette løyye for lause massar og avfall som ligg igjen frå tidligare arbeid.

### **Visuelle kvalitetar**

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønns har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

Det er ikkje gjeve ei vurdering av estetikk i søknaden. Men det går fram at ein ynskjer å rydda opp i forholda i og langs sjø. Vidare er estetikk nemnd som ei av grunna til at det søkjast om ny flytebrygge og utbetring av sjøfront.

### **Tekniske krav til byggverk**

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

### **Plassering**

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

### **Tiltaksklasse**

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

### **VEDTAK:**

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve løyye i eitt trinn for reparasjon/rehabilitering av flytebrygge, utbetring av sjøfront og fjerning av massar på følgjande vilkår:

1. Ny flytebrygge skal plasserast på same plass som den gamle flytebrygga har idag med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Sikring av sjøfront gjeld kun for eksisterande mur. Det er ikkje opna opp for utfylling eller å utvide eksisterande sjøfront.
3. Fjerning av massar gjeld lause massar og avfall som ligg igjen på kaien

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgjande ligge føre:

1. Situasjonsskart som synar faktisk plassering av ny flytebrygge
2. Avfall og massar skal leverast til godkjent mottak, dokumentasjon på dette skal ligg føre seinast ved søknad om ferdigattest.

**Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnjevast. Førretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 18/1396**

**Ansvar**

*Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.*

**Bortfall av løyve**

*Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.*

**Avfall**

*Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.*

**Mellombels bruksløyve/Ferdigattest**

*Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.*

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

**Mottakarar:**

COF Service AS  
Karstein Vabø

Burkhovdane 7 5914  
Vabøvegen 207 5955

ISDALSTØ  
LINDÅS